

**MØTEBOK**

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Sognefjord Hotell, Leikanger
Møtedato	25.11.2008
Kl.	09.00 - 1200

Faste medlemer til stades:

Sissel Loen, H, leiar
Clara Øberg, Ap, nestleiar
Harry Mowatt, Ap
Gunn Åmdal Mongstad, Sp
Mari Andrea Ness, Sp
Norunn Lunde Furnes, KrF
Jostein Inge Kvalsvik, Frp

Forfall til møtet:

Nils Gjerland, Sp
Rolf Nesheim, V

Varamedlemer til stades:

Marit Aafedt Fjærestad, Sp
Marta Kvikne, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Andre til stades:**Sekretariat for møtet:**

Helga Bjørkhaug

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Sak 59/08 Fylkeskulturprisen 2008 vart handsama for lukka dører.

Møtebok frå 22.10.08 vart godkjent utan merknader.

Fylket sin kandidat til Frivilligprisen 2008 Erling (Elle) Arvid Hovland fekk utdelt diplom og nål.

SAK 53/08 Budsjett 2009/Økonomiplan 2009-12

Frå Fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2009/ økonomiplan 2009-12 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg:

Budsjett 2009/ Økonomiplan 2009-12

Driftsbudsjett:

A. a) Måløy vidaregåande skule får starte opp ei kombinert TAF gruppe Vg1 Teknikk og Industriell Produksjon og Helse og Sosialfag for skuleåret 2009/2010.

Den tilrådde TAF gruppa ved Sogndal vid. skule blir ikkje oppretta.

b) Vg2 Transport og Logistikk ved Stryn vid. skule vert vidareført førebels for skuleåret 2009/2010.

Utgiftene vert finansiert ved nedjustering av rentenivået for same periode.

B. Fylkeskommunen betaler for skuleskyss for elevar frå Aurland – Sogndal for skuleåret 2009/2010. Kr 500 000 i 2009 og kr 500 000 i 2010.

Utgiftene vert finansiert ved nedjustering av rentenivået for same periode.

Ordninga må evaluerast i 1. kvartal 2010.

C. a) Stillinga som prosjektmedarbeidar ved Selja Kloster vert forlenga førebels ut økonomiplanperioden. Kr 150 000 i 2009 og kr 300 000 i påfølgjande år.

Finansieringa må skje ved bruk av midlar avsett til disposisjon for hovudutval for kultur.

b) Auka midlar, 0,5 mill kr i budsjett/økonomiplan for hovudutval for kultur i 2009 og 2010, vert øyremerkta til arkitektkonkurranse for Tusenårsstaden Gulatinget.

Investeringsbudsjett 2009:

D) Ny kai i Villevika i 2009 – 7 mill kr – vert finansiert ved låneopptak.

Kapitalkostnadane vert finansiert ved nedjustering av rentekostnadane i planperioden.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Det vert løyvd kr 0,5 mill i 2009 og kr 0,5 mill i 2010 til arkitektkonkurransse for nytt bygg på Tusenårsstaden i Gulen.

Avrøysting:

Det vart ikkje røysta over framlegget frå Høgre, men framlegget vert lagt ved protokollen.

Framlegg frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2009/ økonomiplan 2009-12 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

Det vert løyvd kr 0,5 mill i 2009 og kr 0,5 mill i 2010 til arkitektkonkurransse for nytt bygg på Tusenårsstaden i Gulen.

SAK 54/08 **Revisjon av fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.**

VEDTAK:

Hovudutval for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Arbeidet med revisjon av Fylkesplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse vert starta opp.
- 2 Revidert plan 2010 – 2013 vert lagt fram for fylkestinget til endeleg vedtak i oktober 2009.

SAK 55/08 **Konsolidering av musea i Sogn og Fjordane Godkjenning av vedtekter, avtaler, m.m.**

Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkestinget godkjenner ein museumsmodell for Sogn og Fjordane med eitt konsolidert museum.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune teiknar seg som stiftar i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med ein stiftingskapital på kr 60 000. Budsjettdekning teneste 5007 museum.
- 3 Fylkestinget sluttar seg til at vedtekter for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vedtekne i samsvar med vedlegg 1.
- 4 Fylkestinget har ikkje merknader til avtale mellom stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og dei noverande museumsstyra slik det går fram av vedlegg 2.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å møte på stiftingsmøte, og til å skrive under stiftingsprotokollen.
- 6 Som leiar for styret i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:.....
Som vara vert vald:
- Som medlem i styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:
Som vara vert vald
-vert vald for to år.vert vald for fire år.
- Som medlem i rådet for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:.....
Som vara til rådet vert vald:.....
- 7 Valretten vert heretter delegert til hovudutval for kultur.
- 8 Fylkeskommunen vil prioritere sin innsats på museumsfeltet framover til å bidra til å utvikle det konsoliderte museet fagleg, økonomisk og organisatorisk.
- 9 Ved omdanning av dagens museumsstyre til eigarstyre, vil fylkeskommunen i prinsippet ikkje oppnemne medlemmer til desse styra.
- 10 Fylkeskommunen vil gå ut av styra til museum som står utanfor det konsoliderte museet så snart dette er praktisk mogleg.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg

Pkt. 6: Val av representantar til styre og råd vert utsett til Fylkestinget i desember 2008.

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg:

Pkt 7 i fylkesrådmannen sitt framlegg til vedtak går ut.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endring i pkt. 10:

Fylkeskommunen vil vere representert i styret til museum som står utanfor det konsoliderte museet til avtalen mellom fylkeskommunen og kommunane i Nordfjord om tilskot til drifta av Nordfjord Folkemuseum går ut 31.12.09.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit nytt pkt. 10:

Kulturadminstrasjonen vert oppmoda om å halde kontakten med dei musea som står utanfor den konsoliderte eininga. I ein overgangsperiode på to år kan fylkeskommunen framleis ha representantar i desse museumsstyra. Dei fylkeskommunale løyvingane til desse musea vert øyremerka i 2009

Avrøysting:

Pkt 1-5 vart samrøystes vedteke

Hovudutvalet sitt framlegg i pkt. 6 vart samrøystes vedteke.

Pkt 7.

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå Fylkesrådmannen og framlegg frå hovudutvalet. Hovudutvalet sitt framlegg fekk 8 røyster og vart dermed vedteke. Norunn Lunde Furnes røysta imot.

Pkt 8-9 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 10

Det vart røysta over framlegg frå Kristeleg Folkeparti. Dette fekk ei røyst (Norunn Lunde Furnes). Åtte røysta imot. Framlegget vart dermed forkasta.

Det vert så røysta alternativt over framlegget frå fylkesrådmannen og framlegget frå Senterpartiet. Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutval for kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner ein museumsmodell for Sogn og Fjordane med eitt konsolidert museum.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune teiknar seg som stiftar i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med ein stiftingskapital på kr 60 000. Budsjettdekning teneste 5007 museum.
3. Fylkestinget sluttar seg til at vedtekter for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vedtekne i samsvar med vedlegg 1.
4. Fylkestinget har ikkje merknader til avtale mellom stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og dei noverande museumsstyra slik det går fram av vedlegg 2.

5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å møte på stiftingsmøte, og til å skrive under stiftingsprotokollen.
6. Som leiar for styret i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:.....
Som vara vert vald:
- Som medlem i styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:
- Som vara vert vald
-vert vald for to år.vert vald for fire år.
- Som medlem i rådet for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vert vald:.....
- Som vara til rådet vert vald:.....
7. Fylkeskommunen vil prioritere sin innsats på museumsfeltet framover til å bidra til å utvikle det konsoliderte museet fagleg, økonomisk og organisatorisk.
8. Ved omdanning av dagens museumsstyre til eigarstyre, vil fylkeskommunen i prinsippet ikkje oppnemne medlemmer til desse styra.
9. Fylkeskommunen vil vere representert i styret til museum som står utanfor det konsoliderte museet til avtalen mellom fylkeskommunen og kommunane i Nordfjord om tilskot til drifta av Nordfjord Folkemuseum går ut 31.12.09.

SAK 56/08 Utviklingsplan Den kulturelle skulesekken 2010-2014

VEDTAK:

1. Arbeidet med ein ny utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken for 2010-2014 vert starta opp.
2. Ny plan vert lagt til endeleg vedtak innan utgangen av 2009.

SAK 57/08 Kulturutviklingsmidlar 2008 - restløyving

Frå fylkesdirektøren lág det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Det vert løyvd 500 000 kroner til rockescene på Eid/Malakoff Rockefestival.
- 2 Løyvinga vert finansiert over teneste 5002 kulturutviklingsmidlane for 2008, og i tillegg evt av ei mindre løyving for 2009.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til endring i pkt. 1

Det vert reservert inntil 500 000 kroner til rockescene på Eid/Malakoff Rockefestival.

Fylkesdirektøren trekte tilrådinga si i pkt 2.

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til eit nytt pkt. 2:

Hovudutval for kultur forventar økonomisk deltaking frå Eid kommune i saka.
Fylkesdirektøren får i oppdrag å forhandle med kommunen om dette.

Avrøysting:

Hovudutvalet sitt framlegg til endring i pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Framstegspartiet sitt framlegg til eit nytt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Det vert reservert inntil 500 000 kroner til rockescene på Eid/Malakoff Rockefestival.
2. Hovudutval for kultur forventar økonomisk deltaking frå Eid kommune i saka.
Fylkesdirektøren får i oppdrag å forhandle med kommunen om dette.

SAK 58/08

Møteplan 2009 - hovudutval for kultur

VEDTAK:

Møteplan for hovudutval for kultur 2009 blir som følgjer:

Møtedato	Saker til handsaming
Onsdag 21. januar	Budsjett 2009 – fordelingsvedtak
Torsdag 19. februar	
Onsdag 18. mars	
Onsdag 22. april	

Onsdag 20. mai	Tertialrapport 1/09
Onsdag 17. juni	
Onsdag 19. august	
Onsdag 23. september	Tertialrapport 2/09 + budsjett 10/økonomiplan
Onsdag 21. oktober	
Tysdag 24. november	Budsjett 10/økonomiplan

SAK 59/08 Skriv og meldingar

VEDTAK:

1. Tusenårsstaden Gulatinget - arkitektkonkurranse
2. Sogn og Fjordane Kunstmuseum - svar på søknad om statstilskot
3. Selje - spelemidlar. Søknad om nedlegging av basseng - tilbakemelding
4. Tilsegn om tilskot til utviklingsarbeid i fylkeskommunane
5. Brev til Verdsarvrådet, datert 10.11.08
6. Unesco Verdsarv - forprosjekt - Trekantsamarbeid
7. Bremanger - vedk klage på avslag på søknad frå Davik Utviklingslag
8. Fartøyvernplan for SAVOS-fylka.Evaluering av "Overføringsmodellen"
9. SOFA 25 år - arkitekturdag 21. november på Bremuseet i Fjærland
10. Referat frå møte med Idrettskrinsen / særkrinsane 3.11.08
11. Gilgamesh - brosjyre

Muntleg orientering:

12. Sissel Loen refererte frå møte i representantskapen i Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.

SAK 60/08 Fylkeskulturprisen 2008

VEDTAK:

1. Fylkeskulturprisen 2008 vert tildelt Oddbjørn Hjelmeset.
2. Prisen er på kr. 40 000 med budsjettdekning 1500310